

# Prop. 93 S

(2011–2012)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

### Pansra køyrety til Hæren

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 20. april 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Innleiing

---

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp eit nytt investeringsprosjekt for framskaffing av pansra køyrety til Hæren, og å orientere Stortinget om etableringa av Forsvaret sitt operative hovudkvarter på Reitan.

#### 2 Bakgrunn

---

I det grunnleggjande konseptet for Hæren er det lagt vekt på mekanisert infanteri. Avdelingar i Hæren vert lettare utstyrt ved mellom anna å satse på nye stridskøyrety utrusta med moderne sensorar og IKT-løysingar. Med grunnlag i desse beskrivingane vart det etablert to prosjekt for å modernisere og byggje om dei eksisterande pansra stridskøyretya av typen CV-90, og å framskaffe ein moderne stridsoppklaringskapasitet til Hæren sine manøverbataljonar. Dei to prosjekta vart gjeve namna *Middelstungt, einskapleg panserkøyrety* og *Pansra stridsoppklaringsystem*.

Stortinget vart informert om framdrifta i desse prosjekta i mellom anna St.prp. nr. 70 (2008-2009) og Prop. 1 S (2010-2011). Eit sentralt moment var den tilnærma eineleverandørsituasjonen som Forsvaret står i, og at ein ut frå omsynet til Staten sine kommersielle interesser fyrst ville gjennomføre kontraktsforhandlingar, for deretter å leggje fram eit forslag til Stortinget om godkjenning av

omfang og kostnadsramme etter at forhandlingane var avslutta.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjekta i tråd med Finansdepartementet sine retningslinjer for store, statlege investeringar. Eitt av tiltaka som vart tilrådd frå ekstern kvalitetssikrar er å slå saman dei to prosjekta for å lette arbeidet med oppfylging og kontroll av investeringa. Forsvarsdepartementet har fylgt tilrådinga og difor slått saman dei to prosjekta til eitt.

#### 3 Pansra køyrety til Hæren

---

##### 3.1 Innleiing

Hæren utgjer den mobile delen av landforsvaret; organisert, utrusta og trenar for å løyse oppgåver i Noreg, men òg for bidrag til internasjonale operasjonar. Ein skal streve etter å nytte Hæren sine avdelingar ute slik dei er organisert og utrusta heime.

Dei mekaniserte manøverbataljonane skal vidareutviklas og styrkjast, éin i Troms og éin i Østerdal garnison. Bataljonane skal løyse oppdrag aleine, som kjernen i ei bataljonsstridsgruppe satt opp med ressursar frå øvrige kommando- og kontrollavdelingar, taktiske støtte- og logistikkavdelingar i brigaden, eller som manøverbataljonar i ein brigadeoperasjon. Dei mekaniserte bataljonane er robuste og har god tilgjengelegheit for bruk i alle typar militære operasjonar, men er pri-

mært organisert og utrusta for høgintensive kamperasjonar nasjonalt. Ved etablering av to likeverdige og tilgjengelege mekaniserte bataljonar dannar desse kjernen i kvar si bataljonsstridsgruppe. Ei slik vidareutvikling vil auke tilgjengelegheiten av Hæren og dermed auke Forsvaret si evne til å bidra med brigadekapasitetar.

For å kunne klare å vidareutvikle og styrkje dei mekaniserte manøverbataljonane som nemnd over, er mellom anna nytt og oppgradert materiell ein vesentleg føresetnad. Framskaffinga av dei pansra køyretya som denne proposisjonen gjeld bidreg difor betydeleg i dette, og utfyllar og kompletterer eksisterande manglar.

Med dei nye og oppgraderte CV-90-køyretya på plass vil Hæren vere enda betre utrusta til å løyse sine oppgåver.

### 3.2 Føremålet med prosjektet

Målsettinga med prosjektet er å fornye Hæren sine manøverbataljonar ved å tilføre auka kapasitetar og dekkje opp for eksisterande manglar av middelstunge panservogner og oppklaringskøyrety. Prosjektet skal difor framskaffe stormpanservogner og variantar av støttevogner til Hæren.

Vognene vert baserte på ein kombinasjon av nye CV-90-skrog, oppgraderte og ombygde CV-90-skrog (det vil seie dei eksisterande) og oppgraderte kanontårn. Vidare vert oppklaringskøyretya òg basert på pansra køyrety av typen CV-90, samt kjøp av ulike sensorar for innsamling av informasjon.

### 3.3 Nærare om prosjektet

Hæren sine eksisterande 103 stk. stormpanservogner av typen CV-90 vart kjøpt inn frå midten av 1990-talet. Vogntypen har gjennom fleire år vore ei driftssikker og effektiv vogn for Hæren, men er no moden for oppgradering, inkludert auka mine- og ballistisk vern, digitalisering og nettverksintegring. Samstundes er det, mellom anna av logistikkmessige omsyn, eit behov for å standardisere eit einskapleg, middelstungt panserkøyrety som kan dekkje flest mogleg funksjonar for denne typen panserkøyrety i kamp- og støtterolla.

Prosjektet går ut på å gjenbruke og oppgradere eksisterande stormpanservogner, vidare å framskaffe stridsleiingspanservogner, stormingeniørpanservogner og ei multirollevogn. Prosjektet skal levere 74 stormpanservogner, 15 stridsleiingsvogner, 16 stormingeniørvogner og 16 multirollevogner. Multirollevognene kan fylle fleire

funksjonar, til dømes som bombekastar- eller logistikkvogn.

Når det gjeld oppklaring har Hæren i dag ein avgrensa kapasitet for å drive taktisk og teknisk stridsoppklaring (aktivitetar for å skaffe informasjon om ein motstandar og lendet lokalt). Kavalerieskadronane i manøverbataljonane treng difor ein moderne stridsoppklaringskapasitet. Dette inneber køyrety med tilstrekkelig mine- og ballistisk vern, mobilitet og eldkraft. Eldkraft er viktig for også å kunne operere i kamprolla om det vert naudsynt.

Det er eit behov for å framskaffe 21 oppklaringskøyrety. Framskaffingane i denne delen av prosjektet vil verte gjennomførde med ombygging av pansra køyrety av typen CV-90. Det skal i tillegg framskaffast mellom anna små ubemanna luftfarty, fjernstyrde våpenstasjonar og kommunikasjonssystem.

### 3.4 Framskaffingsstrategi

Hovuddelen av prosjektet er ei levering av ombygde vogner av typen CV-90. Dette er vogner som opphavleg er levert – etter konkurranse – frå ein svensk leverandør (BAE Systems Hägglunds (BSH)). Det vart tidleg i planfasen av prosjektet klart at det ville vere lite formålstenleg å gjennomføre prosjektet anna enn som ein direkte framskaffing frå BSH, då gjenbruk av eksisterande materiell vart vurdert som det mest økonomiske alternativet kontra framskaffing av heilt nytt materiell. Det vart avgjort at prosjektet fyrst skulle gjennomføre kontraktsforhandlingar med leverandøren, for deretter å leggje fram eit forslag til Stortinget om godkjenning av omfang og kostnadsramme.

Forhandlingane med BSH er no avslutta. Resultatet frå forhandlingane ligg til grunn for den føreslegne kostnadsramma.

Dei andre delane av materiellframskaffinga, til dømes luftfarkostar, kommunikasjonssystem, våpenstasjonar, sensorar mv. er planlagd gjennomført med konkurranse mellom ulike leverandørar.

### 3.5 Gjenkjøp/industrisamarbeid

Hovuddelen av materiellet vil verte framskaffa frå utanlandske leverandørar. I tråd med Forsvarsdepartementet sine retningslinjer for industrielt samarbeid ved kjøp frå utanlandske leverandørar er det òg for dette prosjektet kravd gjenkjøp/industrisamarbeid for 100 % av verdien av kontrakten.

For Forsvarsdepartementet har det vidare vore viktig at norsk industri har ein betydeleg

rolle i prosjektet på dei områda der norsk industri har størst kompetanse og moglegheit for etterfølgjande eksport.

På område som sensorar, kommunikasjon, kommando- og kontrollsistem er det planlagt at prosjektet sine leveransar i hovudsak skal bestå av materiell frå norske leverandørar.

## 4 Ekstern kvalitetssikring

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet i samsvar med Finansdepartementet sine retningslinjer for store, statlege investeringar. Ekstern kvalitetssikrar har vore engasjert i fleire omgangar, og deira tilrådingar er spilt inn i dei løpande forhandlingane med BSH. Forsvaret har i tillegg nytta eit anerkjend advokatfirma som juridisk rådgjevar i forhandlingane.

Forsvarsdepartementet vil i gjennomføringsoppdraget til Forsvaret følgje opp dei usikkerheitsreducerande tiltaka som ekstern kvalitetssikrar har tilrådd.

## 5 Kostnader

Den tilrådde kostnadsramma (post 45) for prosjektet er 9 345 mill. kroner medrekna ei avsetning for usikkerheit. Gjennomføringskostnadene (post 01) for prosjektet er venta å bli 224 mill. kroner.

## 6 Sak til informasjon

### 6.1 Etablering av Forsvaret sitt operative hovudkvarter på Reitan

Ved handsaminga av Innst. S nr. 318 (2007-2008), jf. St.prp. nr. 48 (2007-2008), vedtok Stortinget å leggje ned Forsvaret sitt fellesoperative hovudkvarter (FOHK) på Jåtta og Landsdelskommando Nord-Noreg (LDKN) på Reitan og etablere Forsvaret sitt operative hovudkvarter (FOH) på Reitan. I St.prp. nr. 48 (2007-2008) vart det gjort greie for dei økonomiske konsekvensane av tiltaket, inkludert det samla investeringsbehovet knytt til etableringa av FOH. Investeringsbehovet

vart anslått til ca. 452 mill. 2008-kroner. Samlinga til eitt hovudkvarter på Reitan vart berekna til å gje ei årleg driftsmessig innsparing på ca. 91 mill. 2008-kroner. Tiltaket hadde ei berekna positiv noverdi på 526 mill. kroner i eit 20-årsperspektiv. Etter Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 370 (2008-2009), jf. St.prp. nr. 70 (2008-2009), vart investeringsbehovet auka til ca. 485 mill. 2009-kroner. FOH vart offisielt opna 21. august 2009.

Tiltaket omfattar etablering av kommandoplass, infrastruktur, forlegning for mannskap og befal, bustadar og anskaffing av inventar og kommando-, kontroll- og informasjonssystem. Etableringa av FOH er i all hovudsak ferdigstilt. Det står att enkelte mindre investeringar, men desse er ikkje avgjerande for verksemda ved FOH. Etableringa er venta gjennomført innanfor godkjent kostnadsramme, basert på investeringsbehovet som vart lagt til grunn for vedtaket, justert for årleg prisendring og tillegg for avsetning til usikkerheit. Når det gjeld driftsinnsparingane som følgjer av nedlegginga av FOHK og LDKN og opprettinga av FOH, er desse føresett å kome hovudsakeleg i 2013 og utover. Forsvaret sine rapporteringar indikerer at arbeidet med å oppnå desse innsparingane er i god rute.

I brev til Stortingets president av 14. september 2009 vart det informert om at det er fremja behov for å gjennomføre moglege framtidige sikringstiltak av anlegget på Reitan. Det er lagt til grunn at kostnader knytte til gjennomføring av sikringstiltak i stor grad også ville kome til dersom det hadde vorte vidareført ei løysing med delt verksemd mellom Jåtta og Reitan. Tiltaka vart i 2009 omtalt til å ha ei planramme på 129 mill. kroner. Forsvarsdepartementet har innanfor eigne fullmakter godkjent gjennomføring av dei høgast prioriterte sikringstiltaka av anlegget innanfor ei kostnadsramme på 83 mill. kroner.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pansra køyrety til Hæren.

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om pansra køyrety til Hæren i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om pansra køyrety til Hæren**

#### **I**

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet vert gjeven fullmakt til å starte eit nytt investeringsprosjekt for pansra køyrety til Hæren.

#### **II**

Kostnadsramma for materiellinvesteringa (post 45) er 9 345 mill. kroner inkludert ei avsetting for usikkerheit.